



HANDBALL-
GRUPPA

6090 Fosnavåg

HOVEDSPONSOR:



Konto nr.
3909.10.12360
3909.30.34116

6090 FOSNAVÅG,

ÅRSMELDING
FOR
HANDBALLGRUPPA
BIL
1987 - 1988



HANDBALL- GRUPPA

6090 FOSNAVÅG, DEN

ARSMELDING FOR BIL - HANDBALLGRUPPA 1987/88

Styret har hatt denne samansetjinga:

Bodil Notøy, leiar
Terje Krogset, nestleiar
Stig Vestnes, kasserar
Astrid Jensen, sekretær
Cato Koteng, styremedlem
Rigmor Myklebust, styremedlem
Inga Goksøy, styremedlem
Olga Selvåg, varamedlem
Unni Notøy, varamedlem

Handballgruppa har hatt ei todelt målsetjing å arbeide etter, det sportslege og det økonomiske. På den sportslege sida har vi som klart mål at herrelaget vårt rykker opp i 3. divisjon. Etter 2. plass på tabellen denne sesongen, og med sterk satsing på Asbjørn Kilsti som trenar for komande sesong, skulle dette vere eit realistisk mål.

Elles har vi hatt som mål å auke generelt det sportslege nivået i klubben. Vi har satsa på trenarane og dommarane våre. Det betyr mykje for det sportslege grunnlaget at desse kjem på kurs. Trenarforum og dommarforum er og viktige faktoraer for å kunne auke det faglege og sosiale miljøet i klubben.

Det økonomiske målet i gruppa er balanse i rekneskapen. Gruppa har sett det som særskild viktig å kunne utføre arbeidet sitt på ein økonomisk forsvarleg måte.

I sesongen 1987/88 har styret hatt 15 møter. Tilsaman har styret hatt 79 saker til handsaming.

Handballgruppa hadde 10 lag med i serien denne sesongen. J12 og damelaget hadde A og B lag. Dessutan har vi hatt 40 jenter og gutar i alderen 8 - 10 år, som ikkje har vore med i serien, men teke del i minihandballopplegget vårt.

Herrelaget kom på 2. plass på tabellen i si klasse, etter ei skrifleg klage til Trondheim krets i samband med ei kamp-avvikling.

Damer A kom på 3. plass.

G16 vart også denne sesongen kretsmeistrar.

J12A vann si klasse utan å tape ein einaste seriekamp.



- 2 -

HANDBALL-

GRUPPA

6090 FOSNAVÅG, DEN

Vi har hatt desse sportslege arrangementa denne sesongen:

Vi arrangerte minihandballturnering i Herøyhallen 28.februar 1988. 20 lag deltok. og det vart spela 34 kampar.

Bergsøycup vart avvikla for 12. gong dette året. Turneringa var som vanleg i månadsskiftet august/september. 18 lag var påmelde, heile 14 damelag og berre 4 herrelag. SHK arrangerte dommarsamling i samband med turneringa, med Sif Kalvø og Maria D'Auria som instruktørar. Spjelkavik vann dameklassa, og Bergsøy vann herreklassa.

10. og 11 september 1988 arrangerte vi Sparebankcup for 3. gong, ei turnering for aldersbestemte lag. 22 lag deltok, 15 jentelag og 7 gutelag. Spjelkavik stilte med heile 7 lag, og dei vann G16 år, J16 år og J14 år. Bergsøy vann G14 år.

Handballgruppa har vore med på desse turneringane:

Minispelarane har delteke i turneringar i Langevåg, Spjelkavik og Herøyhallen.

I Rolloncup 23. og 24. april 1988 deltok J12, J14, J16, G12, G14 og G16. Det eine 16 - årslaget vart nr.4 og beste sunnmørslag etter 3 trønderlag.

Same helga deltok J12A i midtnorsk meisterskap i Surnadal. Jentene kom ikkje til sluttspilet.

28. og 29. mai 1988 deltok J12, J14, G12 og G14 på Spjelkavikcup.

På Rosecupen i Molde, 11. og 12. juni 1988, deltok J14, J16, G16 og G18. G18 vann si klasse og G16 kom til 3. plass. Det same gjorde J16.

Vi har vore med på 2 seniorcupar. Damelaget reiste til Selbu og deltok i handballturnering der, 11. og 12. juni 1988. Herrelaget var med på Spjelkavikcup siste helga i august.

Elles har både damelaget og herrelaget vore på treningsleir i sommar. Damene var til Sandefjord, herrane til Skjåk. Dette er svært konstruktivt for det sosiale miljøet i laga.

Dessutan har vi tre 16-års spelarar som har spela på kretslag. Desse er: Siv Vestnes, Kristian Berge og Jørn Remøy.



HANDBALL- GRUPPA

- 3 -

6090 FOSNAVÅG, DEN

I sesongen 1987/88 kunne vi stille med heile 10 dommarar. Dette talet ser ut til å vere stabilt, til komande sesong stiller vi med heile 12.

Trenarsituasjonen er bra, sjølv om det gjekk lenge før trenar-spørsmålet var løyst for alle laga til komande sesong.

Dei fleste laga har pr. i dag trenar med Trenar 1 bevis, d.v.s. at dei har gått alle kursa i A- rekkja. Fleire av trenarane har denne sesongen fått med seg alle 4 kursa i B - rekkja.

18	personar	har	gjennomført	A - 3 kurs
6	"	"	"	B - 1,2,3,4, kurs
6	"	"	vore på kurs med Ivica Rimanic	
1	"	"	" " ungdomstrenarseminar i Oslo	

Som tidlegare nemnt er satsing på trenarar/dommarar eit av gruppa sine delmål. Det er viktig at vi tek vare på desse og gir dei gode arbeidstilhøve, slik at dei blir i klubben.

Økonomien har vore litt ujamn denne sesongen. Vi har likevel balanse i rekneskapen framfor den nye sesongen 1988/89. Dette har sin grunn i utlevering av bossekkar og svært gode inntekter på dei 2 turneringane i september. Elles har vel 17.mai - arrangementet 88 gitt litt i kassa, men mindre enn venta. Vi viser elles til årsrekneskapen som skal leggst fram.

Inntektene våre elles denne sesongen: Minihandballturnering, Handballens Dag, 2 moteframsyningar, diskotek, Bergsøycup m. dans, Sparebankcup, handballprogrammet, lynlotteria, tombola, reklame o.l.

Dessutan har handballgruppa sponsoravtale med Sparebanken Møre.

Ny foreldreforeining vart vald i januar 1988.
Ho fekk denne samansetjinga:

Eldbjørg Eggesbø, leiar
Jorunn Kvalsund, nestleiar
Solveig Reite, sekretær
Margret Skorpen, styremedlem
Bente Nørvåg, styremedlem
Karin Vike, styremedlem
Asbjørg Remøy, styremedlem

Foreldreforeininga fungerer godt, og ho har vore med under dei fleste store arrangementa.

OVERSIKT OVER DEI EINSKILDE LAGA I GRUPPA, SESONGEN 1987/88

HERRER 4. DIVISJON AVD. 10:

1.	Andalsnes	18	15	0	3	477	-	282	30
2.	Gloppen	18	14	0	4	444	-	329	28
3.	Bergsøy	18	13	0	5	516	-	366	26
4.	Spjelkavik	18	13	0	5	454	-	338	26
5.	Ørsta	18	11	0	7	401	-	339	22
6.	Brattvåg	18	8	0	10	378	-	400	16
7.	Rollon	18	7	0	11	370	-	416	14
8.	Ringan	18	5	0	13	337	-	407	10
9.	Molde	18	2	0	16	289	-	501	4
10.	Valder	18	2	0	16	248	-	536	4

TRENAR: TOR-SINDRE STEINSVIK

Damer 5.div avd. A

1	VOLDA	14	14	0	0	401	137	28
2	STRANDA B	14	9	1	4	225	172	19
3	BERGSØY	14	9	0	5	241	164	18
4	NORBORG	14	7	1	6	219	233	15
5	SÆBØ	14	6	0	8	169	224	12
6	SKARBØVIK	14	5	0	9	154	249	10
7	BLINDHEIM	14	3	0	11	130	251	6
8	ROLLON B	14	1	2	11	173	262	4

Damer 5.div avd. B

1	ØRSTA	12	11	0	1	280	155	22
2	VALDER	12	8	2	2	198	162	18
3	GODØY	12	7	2	3	204	185	16
4	HOVDEBYGDA B	12	7	0	5	197	214	14
5	MAUSEIDVÅG B	12	3	0	9	154	162	6
6	BERGSØY B	12	2	1	9	134	204	5
7	HERD	12	1	1	10	157	242	3

TRENAR: BJARNE PETTERSEN

P16 avd. C

1	FISKERSTRAND	10	7	1	2	137	86	15
2	HØDD	10	7	0	3	124	93	14
3	MAUSEIDVÅG	10	6	2	2	112	93	14
4	BERGSØY	10	4	2	4	90	109	10
5	SPJELKAVIK C	10	3	1	6	72	93	7
6	LARSNES	10	0	0	10	78	139	0

TRENAR: RONNY KOTENG / ROAR AASEN

P14 avd. B

1	MAUSEIDVAG	22	21	0	1	185	96	42
2	LANGEVAG	22	17	2	3	184	109	36
3	FISKERSTRAND	22	14	2	6	166	97	30
4	HØDD	22	15	0	7	174	125	30
5	STRANDA	22	13	3	6	219	149	29
6	SKARBØVIK B	22	7	4	11	156	158	18
7	BERGSØY	22	7	2	13	132	186	16
8	VOLDA	22	8	0	14	157	244	16
9	ØRSTA	22	6	3	13	148	196	15
10	ROLLON B	22	5	3	14	138	159	13
11	HØVDEBYGDA	22	5	3	14	119	172	13
12	SÆBØ	22	2	2	18	107	194	6

TRENAR: ANN KATHRIN MYKLEBUST / ROALD JOHANSEN

P12 avd. A

1	BERGSØY	16	16	0	0	258	51	32
2	LANGEVAG B	16	13	0	3	186	95	26
3	SKARBØVIK	16	11	1	4	136	94	23
4	HØVDEBYGDA	16	9	1	6	133	122	19
5	STRANDA	16	6	3	7	144	126	15
6	SPJELKAVIK	16	6	1	9	89	120	13
7	ROLLON	16	4	2	10	118	164	10
8	BLINDHEIM	16	2	0	14	58	135	4
9	VALDER B	16	1	0	15	40	255	2

TRENAR: MARIA NILSEN / NINA IREN OLSEN

P12 avd. C

1	HØDD	16	14	1	1	206	88	29
2	ØRSTA	16	11	2	3	186	88	24
3	RINGEN	16	12	0	4	156	92	24
4	SÆBØ	16	10	1	5	116	78	21
5	LARSNES	16	8	0	8	127	122	16
6	VOLDA	16	6	0	10	110	132	12
7	HØVDEBYGDA B	16	3	1	12	68	170	7
8	FISKERSTRAND	16	3	0	13	70	128	6
9	BERGSØY B	16	2	1	13	65	206	5

TRENAR: THERESE EGGESBØ / SIV JENSEN

MINIHANDBALL

TRENAR: BERIT AASEN / REIDUN SKJELSVIK

G16

1	BERGSØY	16	13	1	2	290	196	27
2	RINGEN	16	12	0	4	306	226	24
3	SPJELKAVIK	16	11	2	3	279	221	24
4	ØRSTA	16	9	4	3	237	213	22
5	VALDER	16	6	2	8	276	245	14
6	BRATTVAG	16	5	4	7	279	259	14
7	ROLLON	16	5	1	10	206	261	11
8	STRANDA	16	3	2	11	239	267	8
9	VOLDA	16	0	0	16	175	399	0

TRENAR: STIG VESTNES / BÅRD KVALSUND

G14

1	STRANDA	16	16	0	0	252	134	32
2	SPJELKAVIK	16	11	2	3	241	171	24
3	BRATTVAG	16	10	1	5	227	140	21
4	BERGSØY	16	9	1	6	174	179	19
5	LANGEVAG	16	9	0	7	176	174	18
6	VALDER	16	5	2	9	147	164	12
7	VOLDA	16	4	0	12	164	210	8
8	ROLLON	16	2	2	12	131	194	6
9	ØRSTA	16	2	0	14	105	251	4

TRENAR: JØRN REMØY

G12

1	ØRSTA	15	11	0	4	177	90	22
2	BRATTVAG	15	9	1	5	107	109	19
3	STRANDA	15	7	2	6	176	157	16
4	LANGEVAG	15	7	1	7	147	145	15
5	BERGSØY	15	5	2	8	115	160	12
6	SPJELKAVIK	15	2	2	11	72	133	6

TRENAR: PER-ARVE KVALSUND



- 7 -

HANDBALL- GRUPPA

6090 FOSNAVÅG, DEN

Styret i handballgruppa for 1987/88 vil med dette takke alle spelarar, trenarar, dommarar, oppmenn, foreldreforeining, foreldre, sjåførar og andre som har hjelpt til, for innsatsen denne sesongen.

Vi vil også takke Herøy kommune og begge skulane i området for den velvilje som er vist med hensyn til utlån av lokale m.m.

Vi vil også takke Herøy kulturhus og dei ansette der for sesongen 1987/88.

Elles vil vi takke forretningsstanden i Fosnavåg for eit svært godt og positivt samarbeid.

Ei stor takk til næringslivet elles og til bankane.

Så vil vi ynskje det nye styret i handballgruppa lykke til med det vidare arbeid!

Fosnavåg, den 10.november 1988

Bodil Notøy
leiar

Astrid Jensen
sekr.